

Favorittboka

Kvifor blir nokon bøker veldig populære?

Start med å la elevane skrive eller teikne forslageine sine til kvar si favorittbok utan at dei kan samkøyre svaret sitt med bestekompien. Skriv opp svara deira på tavla og sorter dei i kategoriar. Er det spenningsbøker, grøssarar, romanar, noveller, biletbøker, dikt eller faktabøker som vinn? Gå gjerne på eit bibliotek og sjå korleis bøkene er kategoriserte etter sjanger og forfattar. Vis dei at det er egne avdelingar for barn og vaksne.

Dei tilsette på biblioteket har sikkert ei oversikt over kva bøker som blir mest lånte ut og som er mest populære. Kanskje elevane dine kan intervju eitt bibliotekar? Bokhandlarane har nok også ei oversikt over kva bøker som sel godt og som dei bør ha inne til kvar tid. Kva trur elevane påverkar om ei bok blir populær?

Spør også andre trinn ved skulen om kva bøker som er populære. Er det store forskjellar i smaken mellom dei ulike alderstrinna? Sjå på konkurransen Bokslukarprisen og sjå kva barn og unge skriv der i omtalene sine om dei ulike bøkene. Er det noko som går igjen i bokmeldingane?

Elevane har kanskje akkurat delteke i Sommarles (lesekampanjen til biblioteka for barneskuleelevar i sommarferien)? Var det bøker dei oppdaga i denne perioden som dei kan fortelje meir om?

Lag bokomtalar, søylediagram og lag ei flott utstilling over dei bøkene mange tilrår. Skulens ti på topp-liste kan vere ein god start og involvere fleire til å gi omtalen sin av ei god bok. Det kan også inspirere dei som ikkje er fullt så glad i å lese til å byrje på ei bok.

Oppgåveark 1–2. trinn

Oppgåveark for 1.–2. trinn. Tittel: Favorittboka. Spørsmål: Kvifor blir nokon bøker veldig populære? Oppgåvene er: Hypotesar (Eg trur at nokon bøker blir populære fordi:), Undersøking (Spør i klassen og i nokre andre klassar kva bok dei liker best og kvifor dei vel den boka. Dette har vi gjort:), Konklusjon (Kva slags bok er mest populær?).

Oppgåveark 3.–7. trinn

Oppgåveark for 3.–7. trinn. Tittel: Favorittboka. Spørsmål: Kvifor blir nokon bøker meir populære enn andre? Oppgåvene er: Hypotesar (Kva trur du er grunnen til at nokon bøker blir meir populære enn andre. Eg trur at nokon bøker blir meir populære fordi:), Undersøking (Samle ein data og sjekk ut kva bøker som blir læst ut mest eller som flest elevene svarer er deres favoritt. Snakk med biblioteket, lag spørreundersøkingar i klassene eller ring bokhandlarer eller eit forlag. Har jenter og gutar same favorittbøker? Kva svarer elevane at dei ser etter i ei god bok? Dette har vi gjort:), Konklusjon (Stemmer det at det er nokon bøker som er mest læste og kva er grunnen til dette? Kva slags bok er mest populær ved skulen dykkar? På skulen vår er det:).

Alle oppgåvearka kan lastast ned som PDF-filer på nysgjerrigper.no